

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/6879-1

## Arbeidshelsekontrollar i Sogn og Fjordane Fylkeskommune

### Fylkesrådmannen rår hovudsamrabeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskommunen vil tilby gjennom bedriftshelsetenesteordninga å gi tilbod om regelmessig arbeidshelsekontroll av arbeidstakarar som etter ein fagleg vurdering kjem inn under lovregulerte tiltakskrav.

#### Vedlegg:

1) Arbeidshelsekontrollar i Sogn og Fjordane Fylkeskommune – tilrådingar frå Stamina Helse

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- 1) Relevante lover og forskrifter
- 2) Excel-ark som viser gjennomførte og planlagde helsekontrollar i fylkeskommunale einingar
- 3) Arbeidshelsekontrollar i Sogn og Fjordane Fylkeskommune – med tillegg for jordbrukskulane

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Samandrag**

Tilsette som etter helsefaglege- og juridiske vurderingar har krav på arbeidshelsekontroll skal få eit slikt tilbod. Leveransen skal ytast av vår leverandør av bedriftshelsetenester.

Tilbodet gjeld ikkje alle tilsette, men nøye utvalde etter risikoeksponering og i samsvar med tilråding i lov- og forskrift. Frekvensane for helsekontrollar blir fastsett etter risikovurderingar utførte i einingane og i samråd med bedriftshelstenesta sin legen. Normalt sett vert ei rullering på kvart tredje år utført. Dette gir tilstrekkeleg informasjon for å kunne seie noko om eksponeringsfaren over tid. Etter bedriftslegen si vurdering kan ein skilde bli følgt opp oftare, og nokre yrkesgrupper får tilrådingar om hyppigare helsekontrollar.

### **2. Helsekontrollar**

Det finnes ikkje noko generelt pålegg i lovverket som seier at alle arbeidstakarane skal ha årlege helsekontrollar. Enkelte yrkesgrupper har sertifikat, godkjenningar eller risikoforhold som krev målretta helsekontroll, medan nokre andre grupper skal gjevast tilbod om slik risikoundersøking. I kapittel 14 i [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning](#) står det at når risikoforholda tilseier det, skal arbeidsgjevar syte for fullgod helseovervaking.

Helseovervaking av arbeidstakarar skal alltid gjennomførast i samsvar med *forskrift om utførelse av arbeid* når arbeidstakarane vert utsette for:

- farlege kjemikaliar
- støv med asbestfiber
- biologiske faktorar
- støy eller mekanisk vibrasjonar
- ioniserande stråling
- kunstig optisk stråling
- gass, støv eller andre helseskadelige forhold ved bergarbeid

I [forskrift om utførelse av arbeid kap. 27](#), står det krav om vurdering av helsekontroll i forbindelse med bergarbeid. Vi har slikt type arbeids i samband med opplæring i anleggsteknikk. Det skal gjevast tilbod om helsekontroll ved følgjande arbeidsstasjonar:

- Synsprøve ved arbeid ved dataskjerm (dette har vi interne prosedyrar for)
- Arbeidstakarar som hovudsakleg utfører arbeid om natta (minst 3 timer i løpet av døgnarbeidstid, minst 3/4 av totalarbeidstid mellom klokken 21.00 og 6.00) (lite relevant for oss)
- Ungdom som vert sett til nattarbeid (lite relevant for oss)

Primæroppgåva til bedriftshelstenesta er å yte bistand på helseførebyggande tiltak samt å bistå i det generelle helse- miljø og tryggleiksarbeidet i fylkeskommunen. Helsekontroll av arbeidshelse er altså ei undersøking for alle tilsette som vert utsett for faktorar som kan gje helseskade.

Innhaldet i ein helsekontroll er alltid samtale, utfylling av skjema, måling av blodtrykk, og øvrige prøvar vil vere tilpassa eksponering (til dømes hørsel, lungefunksjon). Hensikta med ein arbeidshelsekontroll er å avdekke helseplage eller sjukdom som følgje av arbeidsmiljøet.

**Krav til helseovervaking** er heimla i forskrift om organisering, leiing og medverknad § 14-1 i Dette krava vert ytterlegare forklart i forskrift om utføring av arbeid, i følgjande relevante paragrafar:

*Kjemikaliar § 3-20: Arbeidsgiver skal sørge for at arbeidstaker gjennomgår egnet helseundersøkelse hvis arbeidstaker kan utsettes for farlige kjemikalier på en slik måte at det kan forårsake helseskade.*

*Asbest § 4-13: Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere som kan bli eksponert eller har vært eksponert for støv med asbestfiber i arbeid for arbeidsgiveren, gjennomgår egnet helseundersøkelse av lunger og luftveier.*

*Biologiske faktorar § 6-11: Dersom risikovurderingen viser at arbeidstaker kan bli eksponert for helsefarlige biologiske faktorer på en slik måte at det er nødvendig med mer enn vanlige hygieniske vernetiltak, skal arbeidstaker ha egnet helseundersøkelse.*

*Støy § 14-11: Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere får tilbud om egnet helseundersøkelse med hørselskontroll, når risikovurderingen viser at det foreligger helseisiko. Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere som utsettes for støy som overskrider  $L_{EX,8h} = 80$  dB eller  $L_{pC,peak} = 130$  dB gjennomgår helseundersøkelse som omfatter hørselskontroll.*

*Mekaniske vibrasjonar § 14-12: Arbeidsgiveren skal sørge for at arbeidstakere får tilbud om egnet helseundersøkelse hvis de utsettes for vibrasjoner som overskrider tiltaksverdiene for vibrasjoner, eller eksponeringen gir grunn til mistanke om at helseskade kan oppstå ved lavere eksponeringsnivå.*

*Stråling § 15-4 og 16-6: Arbeidsgjevar skal sjå til at all stråleeksponering blir holdt så låg som mogleg. For eksponering av ioniserande stråling, t.d. røntgenstråling, skal arbeidstakarar ha helseundersøkelse kvart 3.år om dei vert utsett for dose på meir enn 6 mSV i løpet av 12*

*månader eller ein ekvivalent dose på meir enn 3/10 av dosegrensa gitt i forskrift om tiltaks- og grenseverdiar. Ved eksponering for kunstig optisk stråling, t.d. UV-lys, skal arbeidstakarar få tilbod om helseundersøkelse om bl.a. risikovurdering viser at det foreligg helseisiko.*

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Bedriftshelsetenesta vil saman med einingane organisere faste og årvisse HMT-dagar der ein prøver å legge inn helekontroll-biten for dei personane dette vedkjem. Ressursbruken vert då optimalisert.

Det er sett i gang risikovurdering som skal sikre lærarar mot eksponering for biologiske faktorar (og eventuelt andre fysiske arbeidsmiljøfaktorar med relevans for vurdering av helsekontroll). Dette gjeld spesielt Mo og Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo, og ved Sogn jord- og hagebruksskule i Aurland.

Vi vil med dette følgje opp dei krav og forventningar ein får i lov- og forskrifter samt etter ekstrabestillingar frå einingsleiarar etter lokal arbeidsmiljøkartlegging og risikovurdering.

Ved å mest mogleg samordne tiltaka i tid og rom reduserer vi potensielle personalkritiske konsekvensar. Vi unngår bruk av vikarar og skipling av planlagde driftsoppgåver.

### **4. Konklusjon**

Det er viktig at lokal arbeidsmiljøkartlegging og risikovurdering vert sett opp i mot dei lov- og forskriftskrav til førebyggjande helsekontrollar. Vi vil såleis kunne skreddarsy og spissa innsatsen andsynes risikogrupper. Vi rettar oss etter dei faglege vurderingane som ligg føre.